



ROMARHEIM ENTREPRENØR AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Melding om mellombels knuseverk Alvervegen 25, Alver kommune

Vi viser til innsendt meldeskjema motteke her den 20.12.2021. Vi viser også til utskrift av kapittel 30 i forurensningsforskrifta, som er vedlagt.

Om meldinga og vedlegga

I skjemaet er det opplyst at knusinga vil gå føre seg mellom kl. 07.00 og 15.00 måndag til fredag. Det er planlagt drift i periodar på inntil 2 månader fram til hausten 2022.

Det er lokal reguleringsplan for området med plan-ID 12282016004. Alver kommune har tidlegare uttalt at det ikkje er samsvar mellom denne planen og den verksemda de driv. På den andre sida er det råd å forstå at knusing er ein naturleg del av det å utvikla tomten de eig. Vi ber derfor om at de innhentar kommentarar til søknaden frå Alver kommune om deira syn på dette. Alver kommune får kopi av dette brevet.

Støy og støv frå knusinga

Det er under 200 meter til næraste nabo. Det ligg ikkje føre støyvurdering, jf. § 30-11.

Statsforvalteren minner om at naboar skal varslast ved sprenging, jf. § 30-8 i forskrifta.

Det er heller ikkje lagt ved noko eiga vurdering av planlagde støvdempingstiltak og støvmåling. § 30 - 9 har krav til utslepp av støv som de må halda.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Vi meiner at meldinga manglar ein del element. Desse er:

- Utgreiing om støvdempingstiltak, jf. § 30-9 bokstav a)
- Støyvurdering av kompetent firma, jf. § 30-9 bokstav b) og § 30-11
- Uttale frå Alver kommune om reguleringsplanen, jf. § 30-11

Når dette ligg føre vil vi kunna sluttbehandla meldeskjemaet. Vi ber og om at de gjer melding til oss



når arbeidet med knusing vert avslutta.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonssleiar

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Utskrift av kapittel 30
forureiningsforskrifta

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4 5906 FREKHAUG